

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

## Referat etter soknerådsmøte nr 05/2026

**Dato/tid:** onsdag 20. mai 2026, kl. 18:00

**Stad:** Jondal kyrkjelydskontor

**Tilstades:** Trygve B Myrlid, Maria E Sørheim, Ingebjørg P Grøtt, Sveinung Toreid og Eli G Torsnes

**Forfall:** Ida Sofie Håheim

**Frå staben:** Arne Opsahl-Engen (siste delen av møtet)

Sidan forfallet vart meldt kort tid før møtet, var det ikkje kalla inn vararepresentant.

### Saksliste

<b>31/2026</b>	<b>Godkjenning av saksliste og innkalling.</b> Sakslista og innkallinga vart godkjent.
<b>32/2026</b>	<b>Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 04/2026</b> Referatet frå sist soknerådsmøte vart godkjent.
<b>33/2026</b>	<b>Kyrkjemusikalsk arbeid v/Anne Karin og Ida Sofie</b> Denne saka vart utsett til neste møte i soknerådet sidan Anne Karin og Ida Sofie ikkje var tilstades på møtet i dag.
<b>34/2026</b>	<b>Planleggja verdensdagen for psykisk helse.</b> Verdensdagen for psykisk helse vert 13.oktober. Ingebjørg har skaffa Daniel Kvammen som talar til dette arrangementet. Markeringa vert eit samarbeid mellom Jondal frivilligsentral, Ullensvang kommune og Jondal sokneråd. Leiaren på frivilligsentralen skal søkja Sparebankstiftinga om støtte til arrangementet. Ingebjørg arbeider vidare med å skaffa eit musikalsk innslag. Arne skal vera konferansier den 13.oktober
<b>35/2026</b>	<b>Status for nytt kjøkken og oppgradering av lydanlegg .</b> Kjøkken: Sveinung har snakka med kyrkjevevja og fått tilsendt eit skjema som skal nyttast når ein søker til biskopen. Det vil verta sendt ein søknad om nytt kjøkken og ein eigen søknad for innglasinga. Søknaden som gjeld nytt kjøkken skal sendast før sommaren.

	Lydanlegg: Dette arbeidet har stoppa opp. Tilrådinga frå soknerådet til kyrkjeverja vart sendt for nokre månadar sidan. Kyrkjeverja vil ha eit møte om saka, men dette møte er enno ikkje gjennomført. Soknerådet ynskjer å koma igong med tiltaket snarast råd.
<b>36/2026</b>	<b>50-års konfirmantjubileum – planlegging – dato for markering ?</b> Konfirmantjubileet vert søndag 6.september 2026. Lista som Trygve har fått frå kyrkjekontoret i Odda, vart gjennomgått. Trygve skal senda ut invitasjonen til jublantane.
<b>37/2026</b>	<b>Eventuelt</b> Gudstenestearka: På sist møte vart dette emnet tatt opp. I etterkant av møtet har kantor Anne Karin rydda opp i dette. Årshjulet til soknerådet: Soknerådet fekk informasjon om at konfirmantfesten som vert halden etter kyrkjespelet, er soknerådet sitt ansvar både å gjennomføra og å betala for. Dette må koma på plass i årshjulet. Dette året fekk soknerådsleiaren også i oppgåve å tinga krans og finna talar til kransenedlegginga på 17.mai. Tidlegare har det vore kommunen som tingar og betalar kransen og 17.maikomiteen ved Jondal skule som skaffa talar til kransenedlegginga. Det trengst ei avklaring om dette før neste 17.mai. Neste års 17.maigudsteneste skal vera ferdig på 45 min. Dette året var ikkje tidsramma kjend for fungerande sokneprest. I etterkant har det kome kritikk av at oppsett program for Jondal ikkje vart halde. Dette vert retta på til neste år.

Møtet vart heva kl 19.15

Torsnes 21.mai 2026

Eli Galtung Torsnes

referent